

## VURDERING AV SAMARBEIDSFORMER MELLOM NÆRINGSLIVET OG REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL – FORSLAG TIL ORGANISERING

### 1. Innleiing

Regionrådet for Hallingdal har ved fleire høve drøfta næringssamarbeidet i Hallingdal, og eit eventuelt nærare samarbeid mellom Regionrådet og dei ulike næringsaktørane.

På denne bakgrunn tok Regionrådet initiativ til eit innleiande drøftingsmøte 9.12.2008, der følgjande var representert:

- HallingExpo
- Hallingdal Etablerarsenter
- Hallingdal Reiseliv
- Hallingdal Næringshage
- Rådmannsutvalet i Hallingdal
- Regionrådet for Hallingdal

Konklusjonane frå innleiande møte er samanfatta slik:

- Stor semje om behov for eit nærare samarbeid mellom næringslivet i Hallingdal og Regionrådet/kommunane. Det blir sett på som viktig med ein felles politisk og næringsmessig arena.
- Viktig å etablere eit samarbeid der ressursane blir nytta på best mogeleg måte.
- Viktig med ein felles aktør som blir oppfatta som uavhengig.
- Definere fellesnemnarane for eit samarbeid. Her er det viktig å finne fram til dei viktige tema, der m.a. næringsutvikling og profilering vart nemnt.
- Definere kven som kan vera aktuelle samarbeidspartar i det vidare arbeidet-
- Vidare vurdering av samarbeid skal m.a. vurderast ut frå:
  - Kontakt i enkeltsaker
  - Uformelle nettverk
  - Fast møteplass
  - Formalisert samarbeid om enkeltsaker
  - Formalisert samarbeid om definerte innsatsområde

Ei arbeidsgruppe fekk som mandat å utgreie eit tettare samarbeid mellom Regionrådet for Hallingdal og næringslivet i Hallingdal.

Arbeidsgruppa skulle vurdere:

- Forslag til arbeidsområde
- Definere aktuelle samarbeidspartar
- Forslag til organisering
- Finansiering
- Framdrift

Desse har vore med i arbeidsgruppa:

- 
- 

Arbeidsgruppa har hatt 2 møter.



## 2. Forslag til organisering av nærings samarbeidet i Hallingdal

### 2.1 Status for dei einsklide organisasjonar/selskap

#### Hallingdal Næringshage

Hallingdal Næringshage finn ikkje lenger forretningsmessig grunnlag for å kombinere HN sin utviklarrolle for bedriftene i næringshagen, med rollen som regional prosjektaktør. Strategien for regionalt engasjement blir derfor lagt om. HN vil framleis engasjere seg i enkelte regionale prosjekt.

- Kvinnovasjon overtek Hallingdal Etableresenter
- HallingTrainee overtek Hallingdal karrieresenter
- Sekretærfunksjonen i HallingExpo overtek Astrid Brattested i ABRA analyse

Ingen sterke føringar for utvikling av nærings samarbeidet i Hallingdal.

#### Hallingdal Reiseliv

Hallingdal Reiseliv som det regionale marknadsførings selskapet for reiselivet i Hallingdal har som hovudoppgåve å koordinere regionale marknadsførings- og produktutviklingstiltak i Hallingdal. Det er ikkje planlagt store endringar i arbeidsoppgåver. Avtale med kommunane er planlagt reforhandla i 2009.

Ingen sterke føringar for utvikling av nærings samarbeidet i Hallingdal. Direkte marknadsføringsaktivitetar kan vera eit spørsmål korleis eventuelt skal integrerast i eit tettare nærings samarbeid.

#### HallingExpo

HallingExpo er eit regionalt næringsforum for bedrifter, institusjonar, og offentlege verksemder i Hallingdal. Det er no ca.30 medlemsbedrifter med totalt 700 – 750 tilsette.

Ingen sterke føringar for utvikling av nærings samarbeidet i Hallingdal, open for det meste.

#### Hallingdal Etableresenter

Hallingdal Etableresenter er eit interkommunalt tiltak for kommunane i Hallingdal, med økonomisk støtte fra Innovasjon Norge, Buskerud Fylkeskommune og lokalt næringsliv. Primær oppgåvene er etablerarrettlegg , følgje opp nyetablerte bedrifter og rettlegg til bedrifter i omstilling/utviklingsprosjekt.

Totalt er det ca. 1,2 stillingar ved HE.

Finansiering som i dag (med støtte frå næringslivet) går ut 2009

Ingen sterke føringar for utvikling av nærings samarbeidet i Hallingdal.

#### Kommunane

Litt ulik organisering i kommunane når det når det gjeld nærings arbeid.

Hallingdal eit arbeidsområde, viktig rolle i forhold til rekruttering.

Har ikkje vore direkte drøftingar i forhold utvikling av nærings samarbeidet i Hallingdal

#### Regionrådet for Hallingdal

Har starta prosessen for å få vurdert eit sterkare samarbeid mellom næringslivsaktørar i Hallingdal og eventuelt eit sterkare samarbeid med Regionrådet.

Ingen sterke føringar for utvikling av nærings samarbeidet i Hallingdal.



## 2.2 Fellesnemnarar for eit samarbeid


- Felles bu og arbeidsmarknad, ein felles region
- Løfte blikket over den enkelte sjå heile region, kva har regionen behov for, for å stimulere til næringsutvikling. Det beste for kommunar, arbeidsliv, inbyggjarar, fellesnemnar.
- Felles profilering – identitesbygging
- Rekruttering, arbeidskraft, satse på ungdommen, ta vare på dei me har
- Felles strategi, kommunikasjon
- Infrastruktur, veg
- Felles talerøyr
- Kontakt mot FOU

## 2.3 Forslag til løysing

Ut frå drøftingar i arbeidsgruppa er det ei felles oppfatning at nærings samarbeidet i Hallingdal må styrkast, både i forhold til dei ulike næringsorganisasjonane og i forhold til kommunane/regionrådet. Det er og ei oppfatning at det bør vera eit skilje mellom politikk og næring.

Det er uttrykt ynskje om ei felles organisering. I denne samanheng er det peikt på at reiselivsnæringa treng eit felles marknadsføringsselskap (Hallingdal Reiseliv).

Arbeidsgruppa har drøfta ulike modellar for samarbeid, i frå svært omfattande endringar til små justeringar. Alle har vore oppteken av å få på plass ei ”enkel” organisering som ikkje er for komplisert og tidkrevjande, hovudmålsettinga er å utnytte ressursane på ein betre måte enn i dag, betre kommunikasjonen (internt og eksternt) og vera meir slagkraftig.



### Skisse organisering Hallingdal Utvikling

Skisse illustrerar forslag til løysing, med følgjande hovudtrekk:

- Det blir etablert eit nytt selskap, Hallingdal Utvikling (HU).
- HU skal vera ein paraply for Hallingdal Næringshage, Hallingdal Reiseliv, Hallingdal Etablerersenter, HallingExpo og eventuelt Hallingdal Karrieresenter.
- Aktuelle oppgåver til HU
  - o Sekretariatsfunksjon
  - o Koordinerande organ
  - o Felles profilering
  - o Nettverksbyggjar
  - o [www.hallingdal.no](http://www.hallingdal.no)



- Sekretariat HallingExpo
- Internasjonalt, EU
- Aktuelle regionale prosjekt/tiltak
- 
- Det skal vera faste møter mellom sekretariatet til Regionrådet og HU.
- Regionrådet for Hallingdal og styre i HU skal ha felles møter 2 – 4 gg. pr. år.

#### Organisering og finansiering av HU

Det er ikkje teke endeleg stilling til selskapsform for HU. Dette vil aktørane i HU avklare nærare.

Når det gjeld bemanning lagt til HU er det føresett at eigarselskapa legg sekretariatsfunksjonane hit i tillegg til ressurs for nødvendig koordinering. I tillegg må det setjast av ressursar til prioriterte oppgåver, som t.d. profilering og aktuelle regionale tiltak.

Arbeidsgruppa foreslår at HU i fyrste omgang skal ha ein person fast tilsett, som blir finansiert 50% frå medlemsbedriftene i HU og 50% frå det offentlege. For medlemsbedriftene vil i fyrste rekkje ressursane bli omfordelt frå eige selskap til HU.

Det er stipulert eit årleg budsjett på kr. 700.000, der det vil bli søkt om kr. 350.000 frå partnerskapsavtale mellom Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune. Det kan her vera naturleg å sjå for seg ei eigen partnerskapsavtale mellom Regionrådet og HU (noko tilsvarande det som var med Hallingdal Næringshage)

Ut frå lokalisering av medlemsbedrifter i HU vil det vera naturleg at også HU blir lokalisert til Hallingdal Næringshage.

#### Avslutning

